

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 12. mars 2018
Vår ref.: 18/294
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

Undersøking om Transport med varebilar (RA-0631) 12. mars – 16. mars 2018, med rapporteringsfrist 23. mars 2018

MELAND KOMMUNE har tidlegare fått vedtak frå Statistisk sentralbyrå (SSB) om at de har opplysningsplikt og skal delta i den offisielle undersøkinga om Transport med varebilar. Nedanfor får de informasjon om kva dette inneber, og korleis de skal sende oss opplysningane.

Kva skal de rapportere?

Spørsmåla de skal svare på gjeld type køyring, køyrde kilometer fordelt på regionar, type vare som blir transportert og drivstoffbruk.

For å halde oversikt over bilbruken i rapporteringsveka kan kjøyredagboka på https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/_attachment/338169?_ts=161283b00f8 nyttast.

Dersom bilen blir disponert av andre som leasingbil eller utleiebil, må undersøkinga så raskt som mogleg sendas vidare til rett brukar. Dersom bilen er seld eller avregistrert, kan dette meldast frå om i spørjeskjemaet.

Svara dykkar er viktige

Formålet med undersøkinga er å kartlegge bruken av varebilane i Noreg. Det vil også være med å forbetre datagrunnlaget om transporten som blir utført av varebilar, kombinerte bilar og små lastebilar. Dette transportsegmentet får aukande betydning framover, spesielt i byane. Saman med data frå den faste undersøkinga om lastebilar vil det vere mogleg å gi eit komplett bilete av godstransporten på veg.

Statistikken vil bli brukt til regional og nasjonal planlegging av infrastrukturiltak, blant anna i samband med utarbeidinga av Nasjonal transportplan og ved analysar opp mot andre transportformer

De skal rapportere slik

De skal rapportere elektronisk via Altinn innan 23. mars 2018:

- ✓ Forsikre deg om at du har riktig rolle (oppgitt på skjemaets informasjonsside på altinn.no)
- ✓ Logg inn på www.altinn.no
- ✓ Vel aktør
- ✓ Vel riktig skjema, fyll ut og send inn, og få kvittering på at opplysningane er sendt.

Problem med Altinn? Ta kontakt med Altinn brukarservice på telefon 75 00 60 00.

På <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/transpsg> kan de lese meir om korleis de svarer på undersøkinga.

De har plikt til å rapportere innan 23. mars 2018

Statistikken er så viktig for samfunnet at det ikkje er valfritt å delta. Opplysningsplikta gjeld for verksemda/verksemdene som er lista opp på baksida av brevet. Sender de ikkje opplysningane innan fristen, vil føretaket få tvangsmulkt.

Har de skifta namn, næring eller adresse?

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette til Brønnøysundregistra ved å bruke del 1 av Samordna registermelding på www.brreg.no.

Aktuelt regelverk

- plikt til å gi og rett til å hente inn opplysningar: statistikkloven § 2-2
- rett til å påleggje tvangsmulkt: statistikkloven § 2-3
- rett til å tvangsinndrive mulkt og krevje betaling for kostnader: tvangsfullbyrdelsesloven
- rett til å klage på eit vedtak: forvaltingsloven kapittel VI

Desse lovane finn de på www.lovdato.no.

Har de spørsmål?

De kan ta kontakt med svartenesta vår på e-post datafangst@ssb.no eller telefon 62 88 51 90 dersom noko er uklart eller de har spørsmål om vedtaket. Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Ha organisasjonsnummeret til føretaket klart, så kan vi hjelpe dykk raskare. For spørsmål om Altinn ta kontakt med brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Med helsing



Birger Vikøren
administrerende direktør



Anne Sundvoll
underdirektør

Vedlegg: Oversikt over dei bilane som skal delta i undersøkinga

**Bilens
regnr:**

ST65251

SU23825